

LEILEGHEITER I FK 13 KLYPETEIGEN BYGGETRINN 2 - HUS 4 og 5

| Rom skildring | Golv | Vegg | Tak | Anna |
|--|---|---------------------------------|---------------------------------|---|
| Garderobe | Fliser Progress Antrasittgrå 30x60cm lagt i forband Varmekablar | Glattpanel Farge: Kvitlasert | Glattpanel Farge: Kvitlasert | |
| Stove | Kährs Eik Abetone 14 mm 3 stav, kvitlasert matt lakkert | Glattpanel Farge: Kvitlasert | Glattpanel Farge: Kvitlasert | Peisomn og pipe |
| Kjøkken | Kährs Eik Abetone 14 mm 3 stav, kvitlasert matt lakkert | Glattpanel Farge: Kvitlasert | Glattpanel Farge: Kvitlasert | 1 stk kjøkkeninnreiing frå Sigdal med integrerte kvitevarer |
| Bad | Fliser Progress Antrasittgrå 30x30cm Nedsenka dusjsone Progress Antrasittgrå 10x10 cm Varmekablar | Fliser kvite matte i 30x60cm | Glattpanel Farge: Kvitlasert | 1 stk baderomsinnreiing frå Sigdal |
| Soverom | Kährs Eik Abetone 14 mm 3 stav, kvitlasert matt lakkert | Glattpanel Farge: Kvitlasert | Glattpanel Farge: Kvitlasert | |
| Teknisk rom (hjørneleilegheiter har ekstra wc her) | Fliser Progress Antrasittgrå 30x30cm | Glattpanel Farge: Kvitlasert | Glattpanel Farge: Kvitlasert | |

STANDARDLEVERANSE

For alle produkt gjeld at leverandør og type kan bli endra, men med tilsvarende kvalitet.

| Detaljar | Type |
|-------------------------------|--|
| Yttervegg oppbygging | Kledning + lufting+ GU/Vindsperre+200mm isolasjon+dampsporre+50mm isolasjon+trepanel |
| Yttertak oppbygging | Torvtak+protanbelegg+undertak+takstol+400mm isolasjon+nedlekting/nedhimling+trepanel |
| Golv | Parkett Kährs Eik Abetone 14 mm 3 stav, kvitlasert matt lakkert. Gulvfliser frå Marazzi Progress-serien i garderobe, bad og teknisk rom. I gang blir det levert fliser av format 30x60 cm, og på bad og teknisk rom i format 30x30 cm. Nedsenka dusjsone har mindre fliser i format 10x10 cm for sikring av fall. |
| Veggar | Glattpanel frå Moelven ferdig kvitlasert frå fabrikk. Kvite, rettskårne veggfliser i format 30x60 cm |
| Listverk og foringar | Glattkant kvitlasert listverk: Taklist 15x21,karmlist 15x45, golvlist 15x45, innvendig hjørne 15x15, utvendig hjørne L-list 31x31. Foringer/tilsetningar til dører og vindauger blir levert i kvitmalt tre. |
| Vedovn og pipe | Peisovn med tilluft med tilluft og svart golvplate. Type ovn blir pga type pipe avklara i prosjekteringsfasen. Det blir levert element- eller stålpipesystem, eventuelt ein kombinasjon av desse systema. |
| Kjøkken- og baderomsinnreiing | Sigdal Uno kvit eller tilsvarende med laminat benkeplate, ventilator og innebygde kvitevarer av Bosch-kvalitet eller tilsvarende. På hovudbad blir det levert 1 stk møbelinnreiing etter nærmare skildring av kjøkken- og baderomsleverandør. På teknisk rom/bad 2 i hjørneleilegheiter blir det levert enkel servant med armatur |
| Ventilasjon | Balansert anlegg med varmegjenvinning. Betjeningspanel på vegg i leilegheita. Anlegget krev skifte av filter 1-2 gargar årleg. |
| Elektro | Utføring og antal punkt blir levert etter gjeldande forskrift i form av Elko standard RS kvite brytarar og stikkontaktar. Panelomnar med tilstrekkeleg effekt blir levert til stove/kjøkken og soverom. 1 stk lampe er i hht. nærmare spesifikasjon frå elektro inkludert på soverom, gang, bad, kjøkken og boder. I stove/kjøkken blir det i tillegg levert stikkontakt ved tak. Det blir levert brannalarmanlegg med avstillingspanel i kvar leilegheit. Det blir levert varmekablar i garderobe (1000w) og på baderom (840w). |
| Dører | Glatte kvite innerdører med kvitmåla trekarm og forkromma vridar. Ytterdør blir levert tilsvarende fasadeteikningar. Ytterdør blir levert i kvit utføring og spesifikasjon frå arkitekt. Boddører skal tilpassast kvar bod, men som minimum av enkel slett type med FG-godkjent lås (gjeld hovudbod i kjellar). |
| Vindauger | Vindauger blir levert i hht. skildring av arkitekt og krav til U-verdi. Farge på vindauger og trekarm: NCS 0502-Y. |

| | |
|-----------------------|--|
| VVS | Utstyrsleveranse blir klar når prosjektet er prosjektert. Det blir levert opplegg for vaskemaskin på bad eller teknisk rom. Sjå planteikning etter symbol for vaskemaskin. |
| Ytterkledning | Blir levert som royalimpregnert kledning i brunt detaljert av arkitekt. Noko limtre vil bli levert i klar impregnering. Sameiget står fritt til å overflatebehandle dette i brunt lik kledning elles. I svalgang og trappesjakt blir det levert brannimpregnert kledning. Denne er fabrikk malt 2 strøk i tilsvarende farge som royalimpregnert brun. |
| Boder i kjellar | Kvar leilegheit har stor, god isolert bod med avtrekksanlegg som bles inn turka luft. Dette gir svært gode høve for turking av våte skiklede og generell lagring. Det blir levert dobbel stikkontakt i boden for høve til oppvarking/tørking. Utafor boda er det framlagt trekkerøyr til evt.lading av el-bil. Ladekontakt må bestillast hjå elektrikar. Bodene blir levert med betonggolv, osb plater på vegg og malt gips i tak Fellesboder er til disposisjon for sameiget. Desse bodene har avtrekksanlegg som går medan lyset er slått på. Fellesbodene må påreknast å ha tekniske installasjonar og føringar som ikkje framgår av planteikningar. |
| Parkeringskjellar | Det blir levert betong eller asfaltdekk inne i parkeringskjellaren. På vegg og i himling blir det levert ein kombinasjon av betong, OSB- og gipsplater. Det er 1 stk p-plass for kvar leilegheit. Lys er automatisk styrt av fotoceller og står på 15 minutt før dei slår seg av. Det er eitt eller fleire fellesrom til disposisjon for sameiget. Tekniske rom for bygget med inntaksrøyr, hovudtavle brann, ventilasjon osv er å finne i parkeringskjellaren. Tilkomst opp til leilegheitene er via sluse- og trappesystem. Avstillingspanel for brannalarmanlegg for heile bygget er montert i sluse. |
| Altan | Altan har tett undergolv med tett membran av Protan eller tilsvarende, og royalimpregnerte terrassebord. |
| Bu på altan | Bu på altan er enkel, isolert tørrbod med trepanel på vegg og beleg på golv. |
| Trapper og svalgangar | Svalgang mot terreng i 1.etg blir utført i betong. Trapper og trappehus blir utført med trevangar, gittertrinn og trekkverk. Svalgang i 2.etg blir utført som tett med royalimpregnerte terrassebord. |
| Etasjeskiljer | Betongdekk og søyler mellom parkeringskjellar og 1.etg. Gitterdragarar i tre, eller betongdekk mellom 1. og 2. etasje. Endringar i beresystem må påreknast i prosjekteringsfasen. |
| Utvendig bygg | Bygget blir kledd etter skildring frå arkitekt. Kledningstype og retning vist i salsmateriale er kun rettleiande. Som standard blir bygget levert med Royalimpregnert kledning. Grå belegningsstein på betongveggar i fasade blir levert i hht. fasadeteikningar. |

| | |
|---------------------|---|
| Generelle atterhald | <p>Situasjonsplan er rettleiande for ferdig leveranse. Myrkdalen fjellandsby (MF) tek atterhald om justering/tilpasningar av situasjonsplan i samband med detaljprosjektering av vegar, parkeringsplassar, tun, eventuelle terrengmurar og tilkomstveggar.</p> <p>Alle teikningar i dette prospektet er å rekne som førebelse og endringar vil tilkomme når prosjekteringa startar. Avvik frå planteikningar gir ikkje grunnlag for kompensasjon til kjøpar.</p> <p>MF har rett til å prosjektere situasjonsplanen på ein best muleg måte for feltet samla sett og for tilstøytande felt, areal og skianlegg. Det betyr at planen kan fråvikast om MF finn det best tenleg. Arrondering av terreng blir tilpassa av byggherre og entreprenør på best muleg måte.</p> <p>Avvik frå situasjonsplan i salsmaterialet gir ikkje grunnlag for kompensasjon til kjøpar.</p> <p>MF presiserar at område merkt som «leik» eller «leikeplass» er eit område som blir arrondert som friområde for sameiget slik byggherre og entreprenør finn det praktisk. Det knyter seg ikkje nokon form for leveranse av leikar, støtte- eller pyntemurar, eller anna til dette området.</p> <p>MF presiserar at reklamemateriale, film, 3d illustrasjonar, presentasjonsbilete, teikningar og skisser kun er illustrative og ikkje er å sjå som endelege.</p> <p>Garderobeskap, skyvedørsgarderober, senger, møblar og anna blir ikkje levert og må kun reknast som illustrerande i salsmateriale. Alle 3d modellar, visualiseringar, plassering av bygg i terreng, situasjonsplan, utsikt og fasader må kun reknast som rettleiande. Det same gjeld leilegheitsveljar og panoramavisning på nett. Leveranse i dette prosjektet kan avvike frå ovannemnde.</p> <p>Leveransar i hht. til skildring i romskjema over er rettleiande og kan bli endra, men då til tilsvarande produkt og kvalitet. For mindre endringar som byte av merke, modell, leverandør osv blir kjøpar ikkje varsla.</p> <p>Ved slutta prosjektoppstart blir kjøpar informert om kva tilval som er muleg. I dette prosjektet er det planlagt online tilvalsportal med pålogging for kvar kjøpar.</p> <p>Endringar ut over tilvalsliste/online tilvalsportal skal rettast til MF sin prosjektleiar. Denne avgjer om endringførespurnaden skal/kan godkjennast og vil utarbeide prisoverslag som kjøpar skriftleg må godkjenne. Kjøpar er ansvarleg for å dekke alle MF sine kostnader ved utarbeiding, innhenting, oppfølging og gjennomføring av endringar. MF tek atterhald om at alle endringar er innanfor våre standardar for arkitektur og fornuftige byggetekniske løysingar. Byggherre og arkitekt skal til slutt godkjenne alle endringar.</p> <p>MF gjev ikkje uttrekk for flytting/ending av veggar eller andre konstruktive endringar som kjøpar måtte ønskje, og som vert godkjent av MF og arkitekt. Til ei kvar godkjent ending vil det følgje eit pristilbod som skal skriftleg godkjennast av kjøpar før endinga vert bestilt/sett i gang.</p> <p>Ved overlevering må det påreknast at utomhusarbeide i tun og rundt bygget gjenstår som følgje av overlevering som skjer om vinteren. For å klare den svært korte byggetida prioriterar MF å gjere leilegheitene ferdige innvendig først. Det betyr at det vil gjenstå arbeid med ytterkledning, altanar, svalgangar, parkeringsanlegg, og utomhusanlegg osv etter innflytting. Det må såleis påreknast arbeid på og rundt bygget etter innflytting, men då ved at entreprenør tek omsyn og tilpassar støyande arbeide. I jule- vinter- og påskeferie vil det ikkje pågå arbeid.</p> <p>MF gjer kjøpar merksam på at feltet ligg tett på skianlegg, noko som vil kunne gje støy i periodar knytt til drift av løyper (Trakking), skitrekk, snøproduksjon og transport/køyring langs/ved feltet. Det er og lysanlegg i nærleiken og kveldsopne skitrekk.</p> |
|---------------------|---|